

Tips oss på telefon 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20 - E-post: redaksjonen@strilen.no - www.strilen.no



GODT SAGT

Den beste måten å få eit arbeid til å verka vanskeleg på, er å utsetje det.

WINSTON CHURCHILL

NAMNEDAG

29. oktober:
Noralf, Norunn

30. oktober:
Aksel, Ånund, Ove

VËR OG VIND

Frå tysdag ettermiddag dreiande nordvest. Regnbyger, kan hende med torden.

Onsdag vert det nordvestleg bris. Opphald og til dels pent ver. Litt lågare temperatur.

STINA I STØÆ

Over 50 mål frå Jill Hermansen!

– Eg er mållaus...

Starthjelp til slektsgransking

SLETTA: Har du lyst til å vita meir om slekt og forfedre, men kjem ikkje heilt i gang? I haust kan du få rettleiing på Utvandringsenteret på Sletta.

Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

Over to tysdagskveldar i Emigrantkyrkja kan du få gode råd og tips til korleis du sjølv kan leita opp slektstreet.

Startar i kveld

Tysdag 29. oktober kjem forfatter Liv Marit Haakenstad kjem til Sletta for å fortelja om reiserutene til dei som forlét Noreg, og korleis ein kan gå fram for å finna utvandrarane. Ho vil òg gi tips til gode kjelder til bruk for slektsforskarar. Haakenstad er cand.mag. med mellomfag i lokalhistorie og har blant anna skrive boka «Slektsgranskerens guide til utvandringen», ei rettleiing for slektsgranskarar som arbeidar med utvandring frå Noreg.

Vert ofte kontakta

– Me får ein god del førespurnader frå folk som ønskjer å finna slekt, både i Noreg og Amerika. På nokre opne dagar har historikar Kenneth Bratland assistert publikum med å finna fram til kjeldene, men diverre er ikkje dette noko me har kapasitet til å tilby heile året. Difor har me i haust valt å ha arrangement der ein sjølv kan læra seg nokre gode metodar for å finna eiga slekt, seier vikarierande avdelingsleiar Åshild S. F. Thorsen.

Kan finna historier

– Det er nok eit særleg fokus på dette med slektsgransking no, seier Thorsen.

– Mange har sett tv-program om slektsgransking, og kanskje har folk blitt meir oppmerksame på at historia til vanlege menneske kan visa seg å vera svært



KUNNSKAP I KYRKJELJELLAREN: I haust kan interesserte læra meir om slektsgransking i Emigrantkyrkja. Bildet er frå sesongopninga i 2012, då historikar Kenneth Bratland (til høgre) fekk sjå Amerika-bilde og brev Olaf Midtgård hadde med seg frå slekta si.

Foto: Silje Sæterdal Bøyum

interessant. Det er jo dei enkelte liva som er levd som utgjer den felles historia vår. Og så kan det sjølsagt henda at ein finn noko veldig overraskande om si eiga slekt, så det er jo ei viss spenning i dette med å granske slekta.

Innføring i Digitalarkivet

Neste arrangement er tysdag 12.

november, og er eit samarbeid med Radøy Sogelag. Då kjem representantar frå Statsarkivet, Bergen, som vil gje ein innføring i Digitalarkivet. Digitalarkivet er ein nettstad der offentlege dokumenter er tilgjengeleg i digital form. Her kan ein finna kyrkjebøker, folketeljingar, utvandrarslistar og mykje meir som er

svært nyttig når ein vil forska på slekta.

– Publikum vil få demonstrert korleis denne tenesta fungerer, og korleis ein sjølv kan finna fram til dokumenta frå si eiga datamaskin. Her kan du læra å finne fram i kjeldene på eiga hand, forklarar Thorsen.

PONDUS



NOROM BRUNÆ

Om du kunne bu kvar som helst i verda, kvar ville du då ha budd?



Botolv Fauskanger

På ei øy i Syden. Eg vil ha det varmt og godt.



Viljar Bjørsvik Rath

I Sveits, på grunn av det gode musikkmiljøet der.



Ida Mari Ulvatn

I Tyrkia, ved sjøen. Der synest eg det er så koseleg.



Berly Kvinge Korneliussen

Då ville eg ha flytt heim att til Bergen, til Skuteviken der eg er oppvaksen.

Strilen

VAKTTELEFON
97 15 10 20